


Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Stadsporten 8.etg., Wigandgården
Dato:	13.01.2015
Tid:	Kl.13:00

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Kopi vert sendt til varamedlemene til orientering. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlem bli kalla inn særskilt.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.



Tom Knudsen

Kopi: Varamedlemene

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/15	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 2/15	Godkjenning av møtebok Yrkesopplæringsnemnda 25.11.2014	2015/105	
PS 3/15	Høyring om forslag til endring i forskrift om prosjekt til fordjuping	2014/24403	
PS 4/15	Orientering om bruken/erfaringane av vekslingsmodellen.	2014/17238	
PS 5/15	Ymse		

PS 1/15 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste



Arkivnr: 2015/105-1
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	2/15	13.01.2015

Godkjenning av møtebok Yrkesopplæringsnemnda 25.11.2014

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 25.11.2014 vart tatt til orientering

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: 8.etg. Forskjønnelsen, Wigandgården
Dato: 25.11.2014
Tidspunkt: 10:00-11:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roger Pilskog	Medlem	LO
Hege Kristin Mjelde	Medlem	LO
Ørjan Magnussen	Medlem	Lærlingerepr.

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Marte Malones	Medlem	A
Tom Knudsen	Medlem	NHO
Edel Teige	Medlem	NHO

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Dan Femoen	Roald Stenseide	H
Marie Vatile Moldeklev		Lærlingerepr.vara

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringssjef
Ann-Magritt Juvik	Som sekretær
Frank Halhjem	Spesialrådgjevar under sak 40/14 og 41/14
Mathilde M. Andersen	Lærling på Fagopplæringskontoret

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 36/14	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 37/14	Godkjenning av møtebok Yrkesopplæringsnemnda 04.11.2014	2014/22674	
PS 38/14	Justering av undervisningstilbudet- skuleåret 2015/16	2014/22618	
PS 39/14	Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14	2014/23262	
PS 40/14	Avklaring av vidaregåande skuler i Åsane	2014/10030	
PS 41/14	Ymse		

PS 36/14 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 25.11.2014

Vedtak

Ingen merknader til møteinnkalling. Saksliste vart godkjent.

PS 37/14 Godkjenning av møtebok Yrkesopplæringsnemnda 04.11.2014

Forslag til avgjerd

Møtebok fra Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 04.11.2014 vart tatt til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 25.11.2014

Vedtak

Møtebok vart tatt til orientering.

PS 38/14 Justering av undervisningsstilbudet - skuleåret 2015/16

Forslag til innstilling

Det vert gjort følgjande endringar i tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skulane;

Oppretting hausten 2015 (politisk)						
Elevlar	Utd.prog	Trinn	Kode	Kurs	Org.sted	Skolenamn
12	DH	Vg1	DHDHV1----	Design og handverk	660	Etne vgs
12	TP	Vg2	TPKJT2----	Køyrety	665	Stord vgs
15	DH	Vg2	DHDTE2----	Design og tekstil	652	Fitjar vgs
12	RM	Vg1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	630	Kvinnherad vgs
14	SS	Vg2	SSSSS2----	Salg, service og tryggleik	630	Kvinnherad vgs
12	AO	Vg1	AOLOV0J---	Forbr kurs for min. språklige	628	Odda vgs
12	TP	Vg2	DHSME	Smedfaget	628	Odda vgs
12	TP	Vg2	TPKJT2----	Køyrety	628	Odda vgs
12	BA	Vg1	BABAT1----	Bygg- og anleggsteknikk	628	Odda vgs
12	NA	Vg1	NANAB1----	Naturbruk	657	Hjeltnes vgs
12	BA	Vg1	BABAT1----	Bygg- og anleggsteknikk	635	Norheimsund vgs
12	AO	Vg1	AOLOV0J---	Forbr kurs for min. språklige	615	Øystese gymnas
12	TP	Vg2	TPKJT2----	Køyrety	632	Voss vgs
15	SS	Vg2	SSRLV2----	Reiseliv	632	Voss vgs
12	AO	Vg1	AOLOV0J---	Forbr kurs for min. språklige	632	Voss vgs
12	NA	Vg1	NANAB1----	Naturbruk	644	Fusa vgs
15	HS	Vg2	HSHEA2----	Helsearbeiderfag	644	Fusa vgs
15	HS	Vg2	HSBUA2----	Barne og ungdomsarbeidar	644	Fusa vgs
12	EL	Vg1	ELELE1----	Elektrofag	648	Austevoll vgs
15	EL	Vg1	EL	Elektrofag m/studiekompetanse	636	Laksevåg vgs

27	PB	Vg3	PBPBY3----	Påbygg. gen. Studiekompetanse	656	Lønborg vgs
27	PB	Vg3	PBPBY4YK--	Påbygg. gen. St. komp m/fagbrev	638	Åsane vgs
12	RM	Vg1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	641	Austrheim vgs
15	DH	Vg2	DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign	634	Knarvik vgs
20	EL	Vg1	ELELE1P---	Taf-elektro	634	Knarvik vgs
358	Oppretting hausten 2015 (politisk)					
Nedlegging hausten 2015 (politisk)						
Elev	Utd.prog	Trinn	Kode	Kurs	Org.sted	Skolenamn
-12	DH	Vg2	DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign	660	Etne vgs
-12	BA	Vg2	BABYG2----	Byggteknikk	628	Odda vgs
-12	BA	Vg2	BABYG2----	Byggteknikk	635	Norheimsund vgs
-15	EL	Vg1	ELELE1----	Elektro	636	Laksevåg vgs
-27	PB	Vg3	PBPBY4YK--	Påbygg. gen. St. komp m/fagbrev	656	Lønborg vgs
-78	Nedlegging hausten 2015 (politisk)					
280	Endring hausten 2015					

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 25.11.2014

Roger Pilskog sette fram følgjande forslag på vegne av LO:

Yrkesopplæringsnemnda sier seg fornøyd med Fylkesrådmannens innledende vurdering av undervisningsbehovet i Hordaland, som grundig belyser en rekke av utfordringene i utdanningsløpene. Vi er også tilfreds med at det nå opprettes tilbud på TAF elektro, som er etterspurt i mange bedrifter.

Yrkesopplæringsnemnda savner likevel en mer helhetlig vurdering av arbeidslivets behov og tilgjengelige læreplaner, fordelt på fag og regioner, og vurdert mot den enkelte skoles undervisningstilbud. Sett i lys av sakens omtalte statistikk analyse, som viser at hvilken skole eleven går på vil være avgjørende for å få læreplass, vil dette være viktig informasjon for å foreta en god helhetsvurdering.

Yrkesopplæringsnemnda er ellers fornøyd med at slike analyser er gjort, og anbefaler at dette arbeidet videreføres for å få bedre kunnskap og beslutningsgrunnlag.

I omtale av tilbudene på de enkelte skolene, registrerer Yrkesopplæringsnemnda at det fremdeles opprettes tilbud som tvilsomt fører frem til læreplass for elevene, også i fag hvor nemnda ikke er kjent med at læreplaner i det hele tatt finnes i fylket, slik som VG2 Smedfaget og VG2 Design og tekstil. Dette kan ikke Yrkesopplæringsnemnda anbefale.

Yrkesopplæringsnemnda registrerer at det i de enkelte sakene, argumenteres opprettelse med at dette har vært et tilbud før, og at dersom det ikke kommer søkere nå, vil det bli utfordrende å opprette tilbudet seinere. Ved nedlegging av tilbud argumenteres det med at det ikke er søkere.

Yrkesopplæringsnemnda er uenig i denne argumentasjon og praksis. Vårt syn er at tilbud i yrkesfagene, må opprettes ut i fra arbeidslivets behov, altså i tråd med tilgjengelige læreplaner.

Har fylkeskommunen kunnskap om at læreplassene finnes, må tilsvarende tilbud opprettes i skole. Om det seinere viser seg at det ikke er tilstrekkelig med søkere, kan tilbudet ikke startes opp.

På samme måte må et tilbud legges ned, når vi har kunnskap om at læreplasser ikke er tilgjengelig, og selv om det kan finnes søkere.

Yrkesopplæringsnemnda mener at elever vil vurdere mulighetene, når de er kjent med at et tilbud fører frem til læreplass og arbeid. Hvis fylkeskommunens fortsatt opprettholder en tilbudsstruktur ut i fra søkemønster, vil det være deler av arbeidslivets tilbud om læreplass som går tapt for utdanningssøkende ungdom. Tilbud må altså opprettholdes selv om det ikke er søkere. Det vil for ettertiden være vanskelig å få søkere på områder hvor læreplass og arbeid finnes, når det ikke finnes noe søke på.

Yrkesopplæringsnemnda viser og til at påbygg til generell studiekompetanse nå er opprettet som et tilbud til alle som har fullført fagbrev. Erfaringer fra Rogaland viser at det da er nødvendig å redusere tilbudet som åpner for å gå fra VG2 yrkesfag til VG3 studieforbereidende, for å få god effekt av tiltaket. Yrkesopplæringsnemnda anbefaler at dette også gjøres også i Hordaland.

Røysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Yrkesopplæringsnemnda sier seg fornøyd med Fylkesrådmannens innledende vurdering av undervisningsbehovet i Hordaland, som grundig belyser en rekke av utfordringene i utdanningsløpene. Vi er også tilfreds med at det nå opprettes tilbud på TAF elektro, som er etterspurt i mange bedrifter.

Yrkesopplæringsnemnda savner likevel en mer helhetlig vurdering av arbeidslivets behov og tilgjengelige læreplasser, fordelt på fag og regioner, og vurdert mot den enkeltes skoles undervisningstilbud. Sett i lys av sakens omtalte statistikk analyse, som viser at hvilken skole eleven går på vil være avgjørende for å få læreplass, vil dette være viktig informasjon for å foreta en god helhetsvurdering.

Yrkesopplæringsnemnda er ellers fornøyd med at slike analyser er gjort, og anbefaler at dette arbeidet videreføres for å få bedre kunnskap og beslutningsgrunnlag.

I omtale av tilbudene på de enkelte skolene, registrerer Yrkesopplæringsnemnda at det fremdeles opprettes tilbud som tvilsomt fører frem til læreplass for elevene, også i fag hvor nemnda ikke er kjent med at læreplasser i det hele tatt finnes i fylket, slik som VG2 Smedfaget og VG2 Design og tekstil. Dette kan ikke Yrkesopplæringsnemnda anbefale.

Yrkesopplæringsnemnda registrerer at det i de enkelte sakene, argumenteres opprettelse med at dette har vært et tilbud før, og at dersom det ikke kommer søkere nå, vil det bli utfordrende å opprette tilbudet seinere. Ved nedlegging av tilbud argumenteres det med at det ikke er søkere.

Yrkesopplæringsnemnda er uenig i denne argumentasjon og praksis. Vårt syn er at tilbud i yrkesfagene, må opprettes ut i fra arbeidslivets behov, altså i tråd med tilgjengelige læreplasser.

Har fylkeskommunen kunnskap om at læreplassene finnes, må tilsvarende tilbud opprettes i skole. Om det seinere viser seg at det ikke er tilstrekkelig med søkere, kan tilbudet ikke startes opp.

På samme måte må et tilbud legges ned, når vi har kunnskap om at læreplasser ikke er tilgjengelig, og selv om det kan finnes søkere.

Yrkesopplæringsnemnda mener at elever vil vurdere mulighetene, når de er kjent med at et tilbud fører frem til læreplass og arbeid. Hvis fylkeskommunens fortsatt opprettholder en tilbudsstruktur ut i fra søkemønster, vil det være deler av arbeidslivets tilbud om læreplass som

går tapt for utdanningssøkende ungdom. Tilbud må altså opprettholdes selv om det ikke er søkere. Det vil for ettertiden være vanskelig å få søkere på områder hvor læreplass og arbeid finnes, når det ikke finnes noe søke på.

Yrkesopplæringsnemnda viser og til at påbygg til generell studiekompetanse nå er opprettet som et tilbud til alle som har fullført fagbrev. Erfaringer fra Rogaland viser at det da er nødvendig å redusere tilbudet som åpner for å gå fra VG2 yrkesfag til VG3 studieforbereende, for å få god effekt av tiltaket. Yrkesopplæringsnemnda anbefaler at dette også gjøres også i Hordaland.

PS 39/14 Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14 for Hordaland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 25.11.2014

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Fylkestinget tek Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14 for Hordaland fylkeskommune til orientering.

PS 40/14 Avklaring av vidaregåande skuler i Åsane

Forslag til innstilling

1	I det vidare programmeringsarbeidet for nye Åsane vgs skal det leggjast til grunn ei integrering av avdeling Fossane. Representantar frå Kriminalomsorga må involverast i det vidare programmeringsarbeidet og i planlegginga av skulen. Vidare ser fylkesrådmannen det som tenleg at skulen i si bemanning har sosialpedagogiske ressursar der fengselsfagleg kompetanse inngår.
2	Nye Åsane vgs skal spegle ei framtidsretta satsing på yrkesfag og stå fram som eit signalbygg for yrkesfaga. Eit opplæringsssenter for byggfag skal inkluderast i den vidare planlegginga av skulen. Parallelt med programmeringa av skulen skal det gjerast ein gjennomgang av tilbodsstrukturen i Stor-Bergen innan yrkesfaga.
3	Start på rehabilitering og nybygg ved Tertnes vgs blir framskunda til 2016 slik at arbeidet er ferdig før Nye Åsane vgs vert teken i bruk. I samband med dette arbeidet blir det bygt ny idrettshall på Tertnes. ID blir flytta frå Nye Åsane vgs til Tertnes vgs. Tilbodet på skulane blir som vist i tabell i saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 25.11.2014

Yrkesopplæringsnemnda sette fram følgjande forslag:

Y-nemnda tilrår at i første setning i pkt. 1 endres ordlyden «skal leggjast til grunn» med ordlyden «det skal vurderes».

Y-nemnda ønsker å få gi nytt råd før endelig beslutning fattes.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Yrkesopplæringsnemnda tilrår at i første setning i pkt. 1 endres ordlyden «skal leggjast til grunn» med ordlyden «det skal vurderast».

Yrkesopplæringsnemnda ønskjer å få gi nytt råd før endelig beslutning vert fatta.

PS 41/14 Ymse

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 25.11.2014

Vedtak

Oversikt over godkjente lærebedrifter i perioden 03.11.2014 til 17.11.2014 vart delt ut.

Oversikt/status saker YON 2014 vart delt ut.

Frank Halhjem orienterte om merkeordning for lærebedrifter. Det sendes ut en «plakat» til nye godkjente bedrifter, denne kan bedriften henge opp på veggen som bevis på at de er en godkjent opplæringsbedrift. Det er mulig for tidligere godkjente bedrifter å be om å få tilsendt tilsvarende plakat. Videre orienterte Frank om kampanjen «prøv en elev». En kampanje som kjøres på sosiale media i tillegg til at over 18 tusen bedrifter har fått tilsendt en «hentelapp fra posten om å hente en elev».

Konferansen 2015 Arena for kvalitet vert lagt til Hordaland. Utdanningsdirektoratet ønsker tilbakemelding på deltakere til programkomitè. Det er ønske om representant frå Yrkesopplæringsnemnda samt administrasjonen. Arbeidet vil starte opp i januar 2015.

Studietur for Yrkesopplæringsnemnda til Berlin blir det jobba vidare med.



Arkivnr: 2014/24403-1
Saksbehandlar: Kjell Helge Kleppesø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	3/15	13.01.2015
Opplærings- og helseutvalet		20.01.2015
Fylkesutvalet		29.01.2015

Høyring om forslag til endring i forskrift om prosjekt til fordjuping

Samandrag

Prosjekt til fordjuping er fastsett som forskrift, jf opplæringslova § 1-3. Prosjekt til fordjuping vart innført med Kunnskapsløftet for at elevane på yrkesfag skulle få arbeide med det lærefaget dei ønskte så tidleg som mogleg i opplæringa. Forskingsresultat viser at Prosjekt til fordjuping har hatt god effekt på yrkesvalet til elevane, motivasjon for utdanning og for høve til å finne seg læreplass, men at det er naudsynt med enkelte justeringar i forskrifta som regulerer Prosjekt til fordjuping. Fylkesrådmannen har innhenta opplysningar og vurderingar frå dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune og frå dei yrkesfaglege fagutvala (FAU) i Opplæringsavdelinga. Fylkesrådmannen har sendt førebels svar med atterhald om at det kan kome endringar etter politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek fylkesrådmannen sitt høyringssvar som offisiell uttale frå Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.12.2014

Utdanningsdirektoratet har lyst ut ei brei høyring om framlegg til endringar i forskrift for Prosjekt til fordjuping. Fylkesrådmannen har innhenta opplysningar og vurderingar frå dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune og frå dei yrkesfaglege fagutvala (FAU) i Opplæringsavdelinga.

Følgjande innleiing er gjeven av Utdanningsdirektoratet:

«Prosjekt til fordypning er fastsatt som forskrift, jf opplæringsloven § 1-3. Prosjekt til fordypning ble innført med Kunnskapsløftet for at elevene på yrkesfag skulle få arbeide med det lærefaget de ønsket så tidlig som mulig i opplæringen. Forskningsresultater viser at prosjekt til fordypning har hatt god effekt på elevenes motivasjon for utdanning og muligheter for læreplass, men at det er behov for enkelte justeringer i forskriften som regulerer prosjekt til fordypning. I Stortingsmelding 20 «På rett vei»(2012-2013) oppsummeres endringsbehovene i følgende tiltak: «Endre forskrift til opplæringsloven slik at det legges opp til at mer av opplæringen i Prosjekt til fordypning bør foregå i bedrift.»

Forslag til innholdsmessige endringar gjeld formuleringar i formålet som omtalar vala til elevane og arbeidsgjevarar si rolle i arbeid med innhaldet i Prosjekt til fordjuping. Opplæring i kompetansemål frå læreplanane for Vg3 i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er gjort tydelegare. Vidare er det sagt at opplæring i fag frå dei studieførebuande utdanningsprogramma skal ha relevans for fag-/sveinebrevet som yrkesfaget fører fram til. Det er forslag om at tilbodet om opplæring i fellesfag Vg3 påbygging til generell studiekompetanse blir teke ut av forskrifta. Unntak er elevar som får tilbod om opplæring i både yrkeskompetanse og generell studiekompetanse i løpet av ordinær opplæringsstid (TAF-modellen). Heile høyringa ligg elektronisk på <https://hoering.udir.no/Hoering/7>

Fylkesrådmannen meiner det er viktig at samarbeid mellom skule og arbeidsliv vert tydelegare uttrykt i formålet. I vårt fylke er det avgjerande at regionalt og lokalt arbeidsliv i samarbeid med skulane skal få høve til å definere innhaldet i opplæringa i tråd med lokale kompetansebehov. Formålsteksten omtalar forankring av Prosjekt til fordjuping, og det er viktig. Fylkesrådmannen meiner formålsteksten vil styrke at fylkeskommunane utviklar god forankringspraksis. I omtalen av innhaldet i faget er Fylkesrådmannen einig i at faget må omfatta fag med relevans for dei yrka dei yrkesfaglege utdanningsprogramma fører fram til. Ved å auke fokus på relevans for yrket etter ferdig fagopplæring tek vi på alvor forskinga sine resultat knytt til verksemda som læringsarena. Det er naudsynt å forsterke at elevene ser samanheng mellom programfaga i skulen og praksis i verksemda.

Fylkesrådmannen har gjeve følgjande svar med atterhald om at det kan kome endringar etter politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune ultimo januar 2015.

1. Fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune er positiv til endringa av formålet med Prosjekt til fordjuping.
2. Fylkesrådmannen er positiv til ønske om å avgrense fordjuping i fellesfag. Målet med opplæringa i Prosjekt til fordjuping bør vere fag-/sveinebrev, og difor bør tilbod om påbygg til generell studiekompetanse tonast ned.
3. Fylkesrådmannen har følgjande syn på dagens vurderingsordning: Erfaringar vist i m.a. FAFO sin rapport «Fleksibilitet eller faglighet?» viser at faget primært er eit fag som vert utforma i skulen med avgrensa innverknad frå arbeidslivet si side. Ei sterkare involvering av aktørane i arbeidslivet er truleg ein føresetnad dersom prosjekt til fordjuping skal kunna medverka til utvikling og fornying av faga og fagopplæringa.
4. Utdanningsdirektoratet føreslår å halda på noverande vurderingsordning i faget, men med styrka satsing på læraren sin vurderingskompetanse og eit betre samarbeid mellom skule og opplæringsverksemd. Fylkesrådmannen støttar endringsforslaga som gjeld vurdering.

Høring - Revidert forskrift for prosjekt til fordypning

Uttalelse - Hordaland

Status:	Innsendt til Utdanningsdirektoratet. Bekreftet av høringsinstans via: kjell.helge.kleppesto@hfk.no
Innsendt av:	Kjell Helge Kleppestø
Innsenders e-post:	kjell.helge.kleppesto@hfk.no
Innsendt dato:	12.12.2014
Navn på fylkeskommune:	Hordaland
Stilling:	Fylkeskommune (Offentlig) leder

Høring - Forslag til endring i prosjekt til fordypning for videregående trinn 1 og 2, yrkesfaglige utdanningsprogram.

2. Spørsmål: Hvor enige eller uenige er dere i endringsforslagene i formålet med prosjekt til fordypning?

Enig/uenig

Helt enig

2. Spørsmål: Vi ber om høringsinstansenes synspunkter på forslag til endringer i formålet med prosjekt til fordypning.

Kommentar

Fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune er positiv til endringa av formålet med prosjekt til fordypning.

3. Spørsmål: Hvor enige eller uenige er dere i endringsforslagene i kapittelet om valg av innhold i prosjekt til fordypning?

Enig/uenig

Helt enig

3. Spørsmål: Vi ber om høringsinstansene synspunkter på forslag til endringer i kapittelet om valg av innhold i prosjekt til fordypning.

Kommentar

Fylkesrådmannen er positiv til ønske om å avgrense fordypning i fellesfag. Målet med opplæringa i prosjekt til fordypning bør vere fag-/sveinebrev, og difor bør tilbod om påbygg til generell studiekompetanse tonast ned.

4. Spørsmål: Ønsker dere å beholde dagens vurderingsordning i prosjekt til fordypning?

Ja/nei

Ja

4. Spørsmål: Vi ber om høringsinstansenes synspunkter på dagens vurderingsordning i prosjekt til fordypning.

Kommentar

Fylkesrådmannen har følgjande syn på dagens vurderingsordning: Erfaringar vist i m.a. FAFO sin rapport «Fleksibilitet eller faglighet?» viser at faget primært er eit fag som vert utforma i skulen, med avgrensa innverknad frå arbeidslivet si side. Ei sterkare involvering av aktørane i arbeidslivet er trulig ein føresetnad dersom prosjekt til fordypning skal kunne medverke til utvikling og fornying av faga og fagopplæringa.

4.1. Spørsmål: Hvor enige eller uenige er dere i endringsforslagene i kapittelet om vurdering i prosjekt til fordypning?

Enig/uenig

Helt enig

4.1. Spørsmål: Vi ber om høringsinstansene synspunkter på forslag til endringer i vurderingskapitlet i prosjekt til fordypning.

Kommentar

Utdanningsdirektoratet foreslår å halde på dagens vurderingsordning i faget, men med styrka satsing på lærarens vurderingskompetanse og eit betre samarbeid mellom skole og opplæringsverksemd. Fylkesrådmannen støttar endringsforslaga som gjeld vurdering.

5. Spørsmål: Støtter dere navneendringsforslaget?

Ja/nei

Vet ikke

5. Spørsmål: Vi ber om høringsinstansene synspunkter på navneendringsforslaget.

Ingen kommentar fra høringsinstans

Generell kommentar

Fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune svarer på høyring med atterhald om at det kan kome endringar etter politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune.



Arkivnr: 2014/17238-24

Saksbehandlar: Trond-Harald Alvær

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	4/15	13.01.2015
Opplærings- og helseutvalet		20.01.2015

Orientering om bruken av/erfaringane med Vekslingsmodellen

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til møte i Opplærings- og helseutvalet 12.11.14, der Aslaug Hellesøy sette fram følgjande førespurnad:

«OPHE ber om ei orientering om bruken/erfaringane av vekslingsmodellen i HFK, gjerne levert i møte i OPHE i januar 2015».

Opplærings- og helseutvalet fatta følgjande vedtak i møte 17. januar 2012, sak 5/12;

«Opplæringsavdelinga skal utrede muligheten for at man i enkelte utdanningsløp kan ta praksis før teoridelen. Administrasjonen ser på muligheter for å gjøre tilbudet søkbart for elevene. I tillegg bør administrasjonen se om det er mulig med andre fleksible tilbud, og om disse eventuelt kan være søkbare i studiekatalogen.»

Det er diverre ikkje mogleg å gjere forsøksordninga søkbar i Vigo. Dette har si årsak i systemtekniske grenser som Vigo har. Vigo er ikkje dimensjonert og tilrettelagt for forsøksordningar. All handsaming og organisering i samband med forsøksordninga *Vekslingsmodellen* er gjennomført på manuell måte. Tilbudet er omtalt i søkjarkatalogen i 2013 og 2014, og for 2015 i inntaket til vidaregåande skule. Alle som er involverte i prøveordninga har bidrege til ei saumlaus gjennomføring. Forsøksordninga med *Vekslingsmodellen* har til no vore ein suksess. Alle deltakarane viser ein einestående entusiasme i sin innsats på skule og i bedrift.

Forslag til innstilling

1	Opplærings- og helseutvalet tek orienteringa til etterretning.
2	Opplærings- og helseutvalet gir sin tilslutnad til at forsøksordninga held fram innan dei eksisterande programfagområda, men ønskjer ei gradvis utviding til andre programfagområde.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.12.2014

Innleiing:

Fagopplæringskontoret har sidan vedtaket blei fatta, jobba systematisk saman med bransjane sine opplæringskontor og dei samarbeidande vidaregåande skulane med etableringa av forsøksordninga *Vekslingsmodellen* innan dei to programfagområda som er omfatta av ordninga.

Det er diverre ikkje mogleg å gjere forsøksordninga søkbar i Vigo. Dette har si årsak i dei systemtekniske grenser Vigo har. Vigo er ikkje dimensjonert og tilrettelagd for forsøksordningar. All handsaming og organisering i samband med forsøksordninga *Vekslingsmodellen* er gjennomført på manuell måte. Tilbodet er omtalt i søkjarkatalogen i 2013 og 2014, og for 2015 i inntaket til vidaregåande skule. Alle som er involverte i prøveordninga har bidrege til ei saumlaus gjennomføring. Forsøksordninga med *Vekslingsmodellen* har til no vore ein suksess. Alle deltakarane viser ein eineståande entusiasme i sin innsats på skule og i bedrift.

To programfagområde innan yrkesfag blei valt ut: *Bygg- og anleggsteknikk tømrarfaget* og *Helse- og oppvekstfag*. *Bygg- og anleggsteknikk tømrarfaget* - eit samarbeid mellom Slåtthaug vidaregåande skule og Byggmestrenes Servicekontor AS, som er bransjens eige opplæringskontor innan tømrarfaget. *Betongfaget* var det andre faget innan ovannemnde studieretning som blei valt. Også dette er eit samarbeid mellom Slåtthaug vidaregåande skule og opplæringskontoret for bygg- og anleggsteknikk, heretter kalla BYGGOPP, som er bransjens eige opplæringskontor innan betongfaga.

Innan programområdet *Helse- og oppvekstfag* er det etablert eit samarbeid mellom Olsvikåsen vidaregåande skule og yrkesopplæringsavdelinga i Bergen Kommune. Alle søkjarar til Vg1 tilhøyrande det programområdet der forsøksordninga med *Vekslingsmodellen* skulle utprøvast, fikk eige brev om moglegheit til å søkja seg til *Vekslingsmodellen*. Våren/sommaren 2013 blei 44 søkjarar til helse- og oppvekstfaga kalla inn til intervju. Ved skulestart i august 2013 starta det 1 klasse i helsearbeidarfaget med 9 elevar, og 1 klasse i barne- og ungdomsarbeidarfaget med 11 elevar. For bygg- og anleggsteknikk blei 21 søkjarar til tømrarfaget kalla inn til intervju. Her starta det opp med 14 elevar ved skulestart. Diverre blei det ikkje starta opp klasse i betongfaget grunna få søkjarar.

Seinhaustes 2013 blei det vedteke at ordninga skulle halda fram for inntaket 2014. Same prosedyre som i 2013 blei vidareført. Til oppvekst- og helsefaga var det 62 søkjarar fordelt på 32 til barne- og ungdomsarbeidarfaget og 30 til helsearbeidarfaget. Ved skulestart i august 2014 starta det 1 klasse i helsearbeidarfaget med 10 elevar, og 1 klasse i barne- og ungdomsarbeidarfaget med 10 elevar. For bygg- og anleggsteknikk blei 21 søkjarar til tømrarfaget kalla inn til intervju. Her starta det opp med 11 elevar ved skulestart. Innan tømrarfaget opplevde vi at tre ungdomar som hadde fått plass, takka nei til plassen og ville gå det ordinære løpet. Dette medførte at det blei opna for søkjarar utan ungdomsrett då tilbodet kunne bli lagt ned grunna få elevar, og det såleis ikkje var grunnlag for å starta opp ein vekslingsklasse i tømrarfaget. Diverre blei det ikkje starta opp klasse i betongfaget grunna få søkjarar også i 2014.

Erfaringar:

Pr d.d. er vi godt på veg med andre kullet som er tatt inn til forsøksordninga i *Vekslingsmodellen*, og så langt er erfaringane svært gode. Det har ikkje vore fråfall eller noko ugyldig fråvær i skule eller bedrift. Utfordringa i *Vekslingsmodellen* er viss det skulle oppstå ein situasjon der ein elev som har delteke i lang tid, vil slutta. Vedkomande vil då ikkje vera kvalifisert til å gå inn i eit ordinært 2+2-løp. Vi opplevde i det første kullet i tømrarfaget at ein elev ikkje ville halda fram i vekslingsklassen. Her var tidspunktet for omvalet tidleg på hausten, så skulen makta å få eleven inn på eit ordinært løp utan at det var til ulempe for eleven eller skulen. Alle elevar som ynskjer seg til *Vekslingsmodellen*, blir gjort merksam på at eit feilval vil kunna medføra at dei ikkje er kvalifisert til å gå inn i eit ordinært løp, men må venta til nytt ordinært inntak. Som tidlegare nemnt, har ikkje denne situasjonen oppstått til no. Dei samarbeidande opplæringskontora og skulane har alle gjort ein formidabel innsats for at forsøksordninga skal lukkast. Opplæringskontora har garantert for læreplass til alle elevane som deltek i *Vekslingsmodellen* og har også garantert for at elevar frå Vg2 ikkje skal diskriminerast ved inntak av nye lærlingar til lærebedriftene som også deltek i

forsøksordninga. Dei samarbeidande skulane har bidrege i stor grad til fleksibiliteten i prøveordninga. Til dømes ville ein elev ved Slåtthaug bytta tilbake til ordinært løp etter kort tid. Skulen la til rette for at overgangen skulle opplevast på ein god måte for eleven. Heldigvis skjedde omvalet så tidleg i skuleåret at det ikkje var noko problem å bytta. Vidare er det også viktig å trekkja fram lærarane sin fleksibilitet i forhold til at det blir ei skeiv arbeidsbelastning for den einskilde lærar, sidan undervisninga dei første 6 månadene er krevjande og intensiv. Det same er også tilfelle ved dei periodane der lærlingane er tilbake i skulen. Det skal nemnast at forsøksordninga ikkje overskrider gjennomsnittleg tal arbeidstimar gjennom året i eit normalt lærarårsverk. Ved einskilde høve har det vist seg føremålstenleg med to-lærar for å yrkesrette faga i tilstrekkeleg grad. Hadde ikkje lærarane og skulane vore så fleksible i forhold til ovannemnde, hadde vi ikkje lukkast med prøveordninga.

Ein annan positiv konsekvens er den motivasjonen og lysta til læring den einskilde elev utviser både i skule og bedrift. Det viser seg også at karakternivået er gjennomgåande høgare enn i tilsvarande klassar i det ordinære løpet. Dette viser seg klart i at elevane gjer ferdig heile Vg1- pensumet i matematikk på seks månader.

Som ei oppsummering og konklusjon så langt er alle som deltek vel nøgde med ordninga og resultatata ho til no har gjeve.

Vegen vidare:

Etter igangsetting av kull nr. 2 hausten 2014 innanfor dei same faga som ordninga vart etablert rundt, er tida inne for ei varsam utviding innan fleire programområde. Det er tatt eit initiativ frå frisørbransjen med ynskje om ein vekslingsmodell i deira fag og eit samarbeid mellom bransjen sitt opplæringskontor og Årstad vidaregåande skole. Her er det søkjararar til Vg1 *Design- og handverk* som vil få eit tilbod om deltaking i *Vekslingsmodellen*. Det er fleire bransjar som ynskjer at det skal startast opp ordningar på andre programområde enn dei som allereie er etablert. Fagopplæringskontoret meiner at ei forsiktig utviding av forsøksordninga i åra som kjem, er forsvarleg. Ein viktig faktor for å lukkast er ei brei forankring hjå dei som samarbeider om ordninga.

Talet på ungdommar som søker seg til yrkesfaglege utdanningsprogram er ikkje aukande, og det er ikkje eit mål at *Vekslingsmodellen* skal utkonkurrera dei ordinære løpa gjennom Vg1 og Vg2. Det må også gjerast merksam på at det må vera nok tilgjengelege læreplassar for alle i *Vekslingsmodellen*, men også for dei som søker læreplass etter gjennomført Vg2. *Vekslingsmodellen* skal vere eit supplement til allereie eksisterande tilbod og ikkje ein konkurrent.

Hordaland Fylkeskommune er saman med mange andre fylkeskommunar med i den nasjonale ordninga der Utdanningsdirektoratet er den eininga som har tilsyn med prøveordninga. UDIR følgjer opp forsøksordninga der alle som deltek er pålagde å rapportera to gonger pr. år om korleis prøveordninga utviklar seg.

Hordaland Fylkeskommune er også utteken til deltaking i eit nasjonalt forskingsprosjekt der FAFO (Norsk samfunnsvitenskapelig forskningsstiftelse) og NIFU (Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning) er ansvarleg for gjennomføringa. Resultatet av forskingsprosjektet vil truleg vera bestemmande for om forsøksordninga med *Vekslingsmodellen* vil bli ein del av det ordinære tilbodet, og om forsøksordninga har levd opp til det som er lagt som føring for yrkesfaga gjennom Stortingsmelding 20 om fleksibilitet i yrkesfaga.

PS 5/15 Ymse